

Rekrutteringsansvarleg i Stranda Fotball

Bakgrunn:

Stranda Fotball har alltid vore flinke med oppstarts rutiner og oppfølging av eksisterande kull. Målet om 75% aktive barn -og unge i Stranda Fotball betyr også at ein må ha faste rutiner på korleis beholde flest mogleg og lengst mogleg i fotballen.

Det er to hovudfelt som kjem under rekruttering; Oppstart av nye årskull (6 år) og opprettholde eksisterande kull. Stranda Fotball har vore bevist på korleis gjere dette i samarbeid med øvrige særiddrettar i Stranda Idrottslag.

Kven er Rekrutteringsansvarleg:

Denne funksjonen kan variere frå år til år. Hovudmålet er at denne ressursen høyrer til ein av fagpersonane i Sportsleg utval, men det kan vere enkelte år at andre som ikkje er medlem av SU har funksjonen. Ressursen rekrutteringsansvarleg ser vi på som svært viktig for å kunne gjere maks ut av flest mogleg og lengst mogleg i fotballgruppa.

Oppstart nye kull:

Stranda Fotball startar opp med informasjonsmøter for 6-åringar i januar kvart år for føresatte.

Invitasjon til oppstartsmøte av føresatte er eige dokument.

Presentasjonen på dette møtet starter med klubbens Visjon og verdigrunnlag. Vidare korleis klubben er organisert og korleis årskulla vil vere gjennom barnefotball. Til slutt er det jobben med ressursar rundt laet som er avgjerande for ein god barnefotball.

Rekrutteringsarbeid:

Rekrutteringsarbeidet i Stranda Fotball handlar om fire områder:

- Oppstart nytt årskull
- Oppfølging og forebygging av eksisterande kull.
- Integrering av innflyttarar.
- Kontakt med dei mindre bygdelaga.

Arbeidsoppgaver for rekrutteringsansvarleg – Nye kull:

- Lage invitasjon: Distribuere ut på barnehagar og skular.
- Spreie informasjon på sosiale medier
- Sette agenda for første møtet med foreldra.
- Få på plass nok ressursar.
- Sørge for koordinerte treningstider.
- Sørge for nok utstyr til treningar.
- Skal laga meldast på miniturneringer.
- Gode lagslister.
- Gode kommunikasjonslinjer.
- Støttespelar for ressursane.

STRANDA FOTBALL

Arbeidsoppgaver for rekrutteringsansvarleg – Eksisterende kull:

- Arrangere infomøter føresatte i god tid før ny sesong.
- Sørge for nye FB sider eller Spond for laga.
- Lagsamansetjing: Må årskull samarbeide ?
- Kvalitetsikre at årskullet har nok ressursar.
- Kva treningstider skal laget ha denne sesongen.
- Er utstyret på plass.
- Kommunikasjonslinjer med Sportsleg utval.
- Ønsker ressursane oppfølging av trenarveileidar.
- Kartlegge utdannings behov/ønsker
- Arrangere evalueringsmøter for team.
- Arrangere evalueringsmøter med føresatte etter sesong.

Rekrutteringsdag:

Rekrutteringsansvarleg skal også arrangere eigen rekrutteringsdag og/eller tiltak iløpet av sesongen.

Stranda 24.08.2020

Stranda IL fotballgruppa